

Høgt tilbakefall hos unge jenter

Unge jenter har mykje større risiko enn gutter for å oppleve tilbakefall ved depresjon.

PUBLISERT 5. desember 2010

I ein studie av unge med alvorleg depressiv liding blei nær alle betre etter behandling. Men ved fem års oppfølging hadde nær halvparten opplevd tilbakefall. 57,6 prosent av jentene opplevde ein ny alvorleg depresjon, mot bare 32,9 prosent av gutane. Ein finn ikkje ein tilsvarande kjønnssforskjell hos vaksne.

Oppfølgingsstudien tok for seg 86 unge gutter og 110 unge jenter frå den såkalla TADS-studien (Treatment for Adolescents with Depression Study), ein studie av tolv vekers korttidsbehandling ved depresjon.

Ungdomane i TADS hadde i snitt vore moderat til alvorleg deprimerte i 40 veker. 96,4 prosent viste betring i minst åtte veker. Den mest effektive behandlinga var ein kombinasjon av antidepressive medikament (Prozac) og kognitiv åtferdsterapi (KAT). Dei andre alternativa var bare KAT, bare medisinering, eller placebo.

Kjelde: Curry, J et al. (2010). Recovery and Recurrence Following Treatment for Adolescent Major Depression. *Archives of General Psychiatry*, Nov 2010.

Teksten sto på trykk første gang i Tidsskrift for Norsk psykologforening, Vol 47, nummer 12, 2010, side